

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 32/2013**

**av 15. mars 2013**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 840/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av 6-fytase (EC 3.1.3.26) framstilt av *Schizosaccharomyces pombe* (ATCC 5233) som tilsetningsstoff i førvarer for alle oppføringsfugleartar bortsett frå oppføringskjuklingar, oppføringskalkunar og oppføringsender, og alle fugleartar meinte for egglegging bortsett frå verpehøner (innehavar av godkjenninga: Danisco Animal Nutrition)<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 841/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av *Lactobacillus plantarum* (NCIMB 41028) og *Lactobacillus plantarum* (NCIMB 30148) som tilsetningsstoff i førvarer for alle dyreartar<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 842/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av eit preparat av lantankarbonat-oktahydrat som tilsetningsstoff i førvarer for hundar (innehavar av godkjenninga: Bayer Animal Health GmbH)<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 849/2012 av 19. september 2012 om godkjenning av preparatet av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetningsstoff i førvarer for oppføringskjuklingar, livkjuklingar, alle mindre fugleartar som er meinte for oppföring og egglegging, og avvande svin (*Suidae*) bortsett frå *Sus scrofa domesticus* (innehavar av godkjenninga: Vetagro SpA)<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 868/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av azorubin som tilsetningsstoff i førvarer for katter og hunder<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 252 av 19.9.2012, s. 14.

<sup>(2)</sup> TEU L 252 av 19.9.2012, s. 17.

<sup>(3)</sup> TEU L 252 av 19.9.2012, s. 21.

<sup>(4)</sup> TEU L 253 av 20.9.2012, s. 8.

<sup>(5)</sup> TEU L 257 av 25.9.2012, s. 3.

- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 869/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av taumatin som tilsetningsstoff i førvarer for alle dyrearter<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Denne avgjerdas gjeld føresegner om førvarer. Føresegner om førvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerdas skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 8) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I til EØS-avtala kapittel II etter nr. 61 (kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1065/2012) skal nye nr. 62–67 lyde:

- ”62. **32012 R 0840:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 840/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av 6-fytase (EC 3.1.3.26) framstilt av *Schizosaccharomyces pombe* (ATCC 5233) som tilsetningsstoff i førvarer for alle oppføringsfugleartar bortsett frå oppføringskjuklingar, oppføringskalkunar og oppføringsender, og alle fugleartar meinte for egglegging bortsett frå verpehøner (innehavar av godkjenninga: Danisco Animal Nutrition) (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 14).
63. **32012 R 0841:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 841/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av *Lactobacillus plantarum* (NCIMB 41028) og *Lactobacillus plantarum* (NCIMB 30148) som tilsetningsstoff i førvarer for alle dyreartar (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 17).
64. **32012 R 0842:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 842/2012 av 18. september 2012 om godkjenning av eit preparat av lantankarbonat-oktahydrat som tilsetningsstoff i førvarer for hundar (innehavar av godkjenninga: Bayer Animal Health GmbH) (EUT L 252 av 19.9.2012, s. 21).
65. **32012 R 0849:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 849/2012 av 19. september 2012 om godkjenning av preparatet av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetningsstoff i førvarer for oppføringskjuklingar, livkjuklingar, alle mindre fugleartar som er meinte for oppføring og egglegging, og avvande svin (*Suidae*) bortsett frå *Sus scrofa domesticus* (innehavar av godkjenninga: Vetagro SpA) (EUT L 253 av 20.9.2012, s. 8).
66. **32012 R 0868:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 868/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av azorubin som tilsetningsstoff i førvarer for katter og hunder (EUT L 257 av 25.9.2012, s. 3).

---

(6) TEU L 257 av 25.9.2012, s. 7.

67. **32012 R 0869:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 869/2012 av 24. september 2012 om godkjenning av taumatin som tilsetningsstoff i førvarer for alle dyrearter (EUT L 257 av 25.9.2012, s. 7.)”

*Artikkelen 2*

Teksta til forordning (EU) nr. 840/2012, (EU) nr. 841/2012, (EU) nr. 842/2012, (EU) nr. 849/2012, (EU) nr. 868/2012 og (EU) nr. 869/2012 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkelen 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 16. mars 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(\*)).

*Artikkelen 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 15. mars 2013.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.